

Forslag 1:

Ullensvang Arbeiderparti ønsker å få slutt på villcampingen rundt omkring i kommunen der slik aktivitet påvirker lokalbefolkningens tilgang til lokale natur- og friluftsområder.

Begrunnelse:

De siste årene har turisttrafikken økt kraftig. Ikke bare på hovedveiene, men og på fjellveiene og stikkveiene våre. Dette er veier som de lokale bruker som utgangspunkt for turer og annen form for friluftsliv. Når avkjørsler og p-plasser er opptatt av tilreisende som ofte overnatter i bilene sine eller i telt er lokalbefolkningen utestengt fra å bruke sine tradisjonelle turområder. Slike tap reduserer både livskvalitet og bolyst og er årsak til både sorg og frustrasjon.

Noen av disse veiene er smale og har bare plass til en bil i bredden. Det kan medføre lang rygging og det er det ikke alle som er trygge på, når avkjørslene er opptatt, før man eventuelt finner et forbikjørings punkt. Et annet moment er at villcamping medfører tap av overnattingsgjester og inntekter for campingplasser og andre overnattingssteder.

Et forslag til å få slutt på denne praksisen fra tilreisende er å sette opp kommunale skilt med camping forbudt og skilt med forbud mot parkering med bobil der problemstillingen er aktuell.

Forslagstillar: John Helge Rasmussen

Styret si innstilling til forslag 1:

Årsmøtet oversender forslaget til kommunestyregruppa.

Forslag 2:

Arbeiderpartiet bør oppretta ei regional seniorgruppe. Geografisk kan ein avgrense seniorgruppa til AP-medlemmer frå Ullensvang, Kvinnherad og Etne (mogeleg Kvam).

Begrunnelse:

Eg har lenge tenkt på at Arbeiderpartiet bør oppretta ei regional seniorgruppe. Dei eldre utgjør på godt og vondt ein stadig større del av innbyggjarane i landet. Vi har ei seniorkraft som kan vera til stor nytte på ulike plan i samfunnet. Andre parti som t.d. Høgre har si regionale seniorgruppe.

Eg har vore i uformell kontakt med seniormedlemmer i nokre av nabokummanane våre som også har tenkt same tanken. Vi ser for oss ei seniorgruppe for betalande Ap-medlemmer (kvinner og menn) med ein møtefrekvens 4 ganger i året, ingen formell agenda, men høve til å koma med kommentarer til aktuelle saker som gjeld dei eldre i samfunnet (lokalt, regionalt og sentralt)

Dei bør ha sitt eige styre (3 personar). Eitt slikt fora vil også ha eit sosialt aspekt sidan mange av våre seniormedlemmer har ulike lyte som gjer at dei lett vert sitjande heima.

I første omgang ser eg for meg at vi geografisk avgrensar seniorgruppa til Ap medlemmer frå Ullensvang, Kvinnherad og Etne (mogeleg Kvam). Vi eldre er framoverlente og ser derfor desse kommunane som gode allierte mot nye mål, vekst og harmoni.

Håpar Årsmøte kan drøfta dette innspelet og gje sin tilslutting til å iversetja eit lite "forstudie" for å avklara om dette er noko ein vil gå vidare med.

Forslagstillar: Toralv Mikkelsen

Styret si innstilling til forslag 2:

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å utforske moglegheita for å opprette ei regional seniorgruppe.

Forslag 3:

Lovverket må endrast, slik at kommunane får moglegheit til å differensiere mellom primærbolig, fritidsbustadar og sekundærbolig ved innføring av eigedomsskatt.

Begrunnelse:

Det er viktig å anerkjenne at primærbustaden er eit grunnleggjande gode; han er ramma rundt kvardagslivet og den viktigaste tryggleiken for dei fleste innbyggjarane. Det same kan ein ikkje seie om fritidsbustader eller sekundærbustader – dei er valfrie. Å ha moglegheit til å skjerme primærbustaden frå eigedomsskatt gjev oss moglegheit til å unngå at kommunale vedtak ikkje unødige pressar økonomien til dei som allereie har for høge buutgifter. Å heller skattlegg eigedomar som representerer ekstra kapasitet, og i praksis er eit valfritt gode, må vere god sosialdemokratisk politikk.

Det er òg eit spørsmål om rettvís fordeling av kostnader og bidrag. Fastbuande med primærbustad bidreg allereie løpande til kommunens inntekter gjennom inntektsskatt, kommunale avgifter, betaling for lokale tenester og deltaking i det lokale næringslivet - heilt uavhengig av eigedomsskatt. Fritidsbustader og sekundærbustader genererer derimot kommunale kostnader utan at eigarane nødvendigvis bidreg tilsvarande gjennom dagleg bustadbruk eller lokal verdiskaping. Ei avgrensa eigedomsskatt vil difor vere eit rimeleg verkemiddel for å balansere dette forholdet.

Forslagstillar: Tor Helge Haara Tjemsland

Styret si innstilling til forslag 3:

Årsmøtet oversender forslaget til årsmøtet i Vestland AP.

Forslag 4:

Tildelingskriteriene for kommunenes refusjonsordning for tjenesteyting til ressurskrevende mottakere må endres.

Et av tildelingskriteriene for at kommuner skal kunne søke om delvis refusjon av lønn knyttet til ressurskrevende tjenestemottakere, er at tjenestemottaker er mellom 16 og 67 år. Denne øvre aldersgrensa må økes.

Begrunnelse:

Generelt lever folk lenger enn før, og helsetjenestene er også generelt bedre og bidrar til å holde folk i live lengre enn tidligere. Dette gjelder også de ressurskrevende tjenestemottakerne. Stadig flere av disse tjenestemottakerne lever lenger enn 67 år, eksempelvis personer med tunge psykiatriutfordringer, psykisk utviklingshemmede og tungt demente.

Øvre aldersgrense som refusjonskriterium må økes, slik at kommunene er økonomisk i stand til å gi en god tjeneste til mottakere som har rett til omfattende helse- og omsorgstjenester.

Forslagsstiller: Marit Jensen Måkestad

Styret si innstilling til forslag 4:

Årsmøtet oversender forslaget til årsmøtet i Vestland AP.

Forslag 5

VAP går inn for ein lang tunnel under Haukelifjell som ny E134-løysing, fordi dette er den einaste reelt vintersikre traseen. Ei lang tunnelløysing sikrer villreinens trekkområde ved å fjerne dagens barriere og gir moglegheit for omfattande naturrestaurering. Partiet ber statlege styresmakter legge ein lang tunnel til grunn for vidare planlegging og finansiering av E134.

Grunngjeving:

Ved utbygginga av E134 over Haukelifjell står vi framfor eit val som vil prege både Vestlandet og fjellnaturen vår i fleire generasjonar framover. E134 er ein av dei mest vêrutsette fjellovergane i landet, med aukande stengingar, kolonnekøyring og utrygg ferdsel. Skal me ha ein reelt vintersikker, trygg og føreseieleg hovudveg mellom aust og

vest, er ein lang tunnel den einaste løysinga. Den samfunnsøkonomiske gevinsten er stor og udiskutabel.

Men dette handlar om meir enn transport og betre veg – dette er også naturrestaurering. Haukelifjell er skiljet mellom dei to største villreinområdene i Noreg. Kortare tunnelar og veg i dagen vil halde fram med å splitte opp verdifulle beiteområder og truleg øydelege dei historiske trekkrutene mellom fjellområda ytterlegare. Alle fagmiljø peikar lang tunnel som einaste løysinga som fjernar barrieren og gjev fjellet tilbake til villreinen. Me har no ein historisk sjanse til å fjerne store inngrep i norsk høgfjellsnatur. Dette er politikk som sikrar god beredskap, solid infrastruktur, trygg ferdsel, respekt for naturen – og ansvar for framtida. Vestland AP må difor stå samla bak kravet om ein lang Haukelitunnel.

Forslagsstiller: Tor Helge Haara Tjemsland

Styret si innstilling til forslag 5:

Årsmøtet oversender forslaget til årsmøtet i Vestland AP.